



E Sjøstrøm AS
Helleveien 44
5042 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/27 - 17/13613

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
18.05.2017

Mellombels løyve til å knytte fettutskiljar - NS 4 - til kommunalt leidningsnett - gbnr 185/66, Knarvik Vidaregåande skule.

Hordaland Fylkeskommune ønskjer å kople fettutskiljar (NS 4) ved Knarvik vidaregåande skule til kommunalt leidningsnett. Anlegg ønskjes plassert i blindkjellar. Det er utført temperaturmålingar i rommet over en lenger periode og målingene viser ei romtemperatur mellom 12 og 14 grader. Størrelse på anlegg og type kjøkkenutstyr som skal førast på anlegg viser at anlegget er i minste laget. Det er, ved val av størrelse på anlegg, heller ikkje teke omsyn til romtemperatur i kjellaren.

Fetthaldig avløpsvatn påfører kommunen sine anlegg store skader og medfører at kommunen får aukte drifts- og vedlikehaldskostnader. Som abonnent på kommunale avløpstenester har kvar enkelt anleggseigar ansvar for å sørge for at deira anlegg har rett dimensjon slik at anlegg tilfredsstillar dei krav som er satt for utskiljaranlegg i lover, forskrifter, utsleppsløyve og øvrige vilkår.

Fetthaldig avløpsvatn som vert ført ut på kommunalt nett medfører òg ei risiko for tilbakeslag av fetthaldig avløpsvatn/kloakk i bygg. Vi gjer merksam på at kommunen ikkje er ansvarleg for slike hendingar. Huseigar må sjølv sørge for og påkoste utbetring av skadar som oppstår under slike hendingar.

Teknisk drift vil gje eit **mellombels løyve** til å knytte ønsket fettutskiljar (NS 4) til kommunalt leidningsnett på vilkår:

Vedtak:

Mellombels løyve til å knytte fettutskiljar – NS 4 – til kommunalt leidningsnett vert gitt på følgjande vilkår:

- Mellombels løyve til å knytte fettutskiljar NS 4 til kommunalt leidningsnett *er gitt under føresetnad om at anlegg overhelder krav til fettinnhald i utsleppsvatnet*. Dersom anlegg ikkje tilfredsstillar krav til utslepp, vil fylkeskommunen få pålegg om å skifte ut anlegg. Fylkeskommunen må vurdere om dette er ei risiko som dei ønskjer å ta.
- Tømmefrekvens for fettutskiljar i Lindås kommune er 3-12 gonger per år, avhenging av størrelse på anlegg. **For utskiljaranlegg ved gbnr 185/66, Knarvik vidaregåande skule, er tømmefrekvens satt**



til minimum 6 gonger per år. Dersom det er behov for tilleggstømmingar av anlegg skal anleggseigar ta kontakt med tømmeoperatør og få utført dette. Melding om dette skal gis til kommunen som vil vurdere tømmefrekvensen på nytt.

- For anlegg skal det tas minimum 6 temperaturlogger per år. Temperaturlogging skal utførast over 3 døgn (rett før tømning av anlegg) og når anlegg er i full drift (logging skal ikkje utførast når kantina har stengt). Det skal òg tas to representativ prøveanalyse av fettinnhold i avløpsvatnet per år.
- Etter kvar tømning og temperaturlogging skal kopi av tømmerapport og temperaturlogg sendast inn til kommunen slik at kommunen kan vurdere anlegget. Kommunen gir ikkje dispensasjon frå krav til utslepp med grunngjeving i at fett ødelegg kommunalteknisk anlegg. Dersom anlegg har for høg temperatur vil fett verte ført ut på kommunalt nett. Kommunen vil da gje pålegg om å få på plass større anlegg.
- Fett frå ulike kilder har ulikt smeltepunkt og har derfor ulike eigenskaper. Fett løysast opp frå rundt 20°C og ved temperatur opp mot 30°C vil alt fett være løyst opp slik at utskiljaranlegg slutter å fungere. Optimal temperatur i utskiljaranlegg vil derfor ligge under 20° C.
- Bruk av vaskemidlar (såpe) fører til at fett emulgerer og vert vanskeleg å skilje ut i anlegget. Berre godkjente vaskemidlar skal nyttast. Anleggseigar må gå i dialog med kjemikalieleverandør, eventuell anna kompetanse på området, for å optimalisere bruken av kjemikalier. Ein del kjemikalier vil redusere anlegget sin rensfunksjon.
- Minst ein gong i året skal utskiljaranlegg tømmast fullstending og reingjerast grundig med varmt vatn. Spylevatn skal ikkje førast ut på kommunalt leidningsnett, men sugast opp av slambil. Alle overflater skal vedlikehaldast og kontrollerast (gjeld òg tidsur, skrapeverk, pumper og ventilar etc).
- Større mengder fett, som til dømes frityrfett/ -olje skal ikkje førast til utskiljaranlegg med samlast opp og leverast til godkjent mottak. Dokumentasjon på dette skal ligge føre ved kontroll.
- Det skal ligge føre skriftleg avtale med godkjent tømmeoperatør. Kommunen skal ha kopi av denne avtalen (skal være signert av begge partar). Tømmeoperatør kan ha ansvar for rapportering til kommunen. Dette skal komme fram av signert avtale.
- Anleggseigarar skal ha jamnleg ettersyn av anlegg for å unngå driftsproblem, som til dømes tetting av rør, oversvømming/tilbakeslag og luktproblem. Anleggseigarar skal sørge for at anna avfall ikkje vert ført til utskiljaranlegg (slam, stein, matrester, plasthansker etc).
- For anlegg skal det førast driftsjournal. I driftsjournal skal tømmeoperatør føre inn når anlegg er tømt, mengde fett som er tømt, når temperaturlogging er utført og alle typer driftsstans. Driftsjournal, tømmerapport og temperaturlogger skal være tilgjengelig for kommunen ved kontroll. Nødvendige skjema får ein ved å vende seg til kommunen.
- Årsrapport: Det skal sendast inn årsrapport for anlegg kvar år. Årsrapport skal innehalde tømmerapportar, temperaturlogger og kopi av driftsjournalen. Rapporten skal være kommunen i hende seinast 01 februar påfølgjande år.

- Ved ferdigmelding av anlegg skal det leverast inn «As built» teikningar og situasjonskart som viser tilknyttingspunkt til kommunalt leidningsnett. Teikning skal vise kva som er ført på anlegg. Teikningar og situasjonskart skal være i målestokk 1:500.

Det er med heimel i «Standard Abonnementsvilkår for vann og avløp – Tekniske og Administrative bestemmelser», forskrift for fettutskiljar i Lindås kommune, «Utsleppsløvve for Lindås kommune» Fylkesmannen i Hordaland, samt forureiningsforskrifta § 15A-4 at Teknisk drift skal setje krav til utskiljaranlegg som skal knyttast på kommunalt leidningsnett. Føremål med krava er å sikre at vegetabils og animalsk fett vert skilt ut frå avlaupsvatn, slik at dette ikkje vert ført utpå kommunalt nett og til reinseanlegg og påfører dette skader.

Arne Helgesen
Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune
Eigedomsavdelinga

Postboks 7900

5020

BERGEN

Mottakarar:

E Sjøstrøm AS

Helleveien 44

5042

BERGEN